

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 71/2011**

2011/EØS/54/13

av 1. juli 2011

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving
og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 25/2010 av 12. mars 2010⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2010/453/EU av 3. august 2010 om innføring av retningslinjer for vilkåra for inspeksjonar og kontrolltiltak og for opplæring og kvalifisering av tenestemenn på området vev og celler frå menneske, i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/23/EF⁽²⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg II kapittel XIII til avtala under overskrifta "*RETTSAKTER SOM AVTALEPARTENE SKAL TA I BETRAKTNING*" etter nr. 17 (kommisjonsmelding om parallellimport av farmasøytiske spesialpreparater som er gitt markedsføringstillatelse) skal nytt nr. 18 lyde:

"18. **32010 D 0453**: Kommisjonsvedtak 2010/453/EU av 3. august 2010 om innføring av retningslinjer for vilkåra for inspeksjonar og kontrolltiltak og for opplæring og kvalifisering av tenestemenn på området vev og celler frå menneske, i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/23/EF (EUT L 213 av 13.8.2010, s. 48)."

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2010/453/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 2. juli 2011, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

⁽¹⁾ TEU L 143 av 10.6.2010, s. 18, og EØS-tillegget til TEU nr. 30 av 10.6.2010, s. 23.

⁽²⁾ TEU L 213 av 13.8.2010, s. 48.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 1. juli 2011.

For EØS-komiteen

Kurt Jäger

Formann